



Klima- og miljødepartementet

Nullutslepp for fartøy i verdsarvfjordane

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal, og har i møtet 25. april 2023 vedteke følgjande uttale:

Stortinget vedtok i 2018 krav om nullutslipp for turistskip og ferjer i verdsarvfjordane frå 2026. I 2021 vedtok Stortinget å sikre etablering av landstrøm i Flåm:

Storingsvedtak 691/21

Stortinget ber regjeringen foreslå tiltak som sikrer verdensarvfjordene som anløpshavn for cruisebåter også etter 2026, blant annet ved at staten sikrer etablering av landstrøm i Flåm som planlagt innen 2022.

Sjøfartsdirektoratet sitt framlegg til regelverk med nullutsleppskrav frå 2026 er sendt departementet 2. januar 2023. Framlegget frå direktoratet vil redusere tal cruisepassasjerar i Flåm med 93 prosent frå 273 000 (2019) til 20 000 (2026-2040). Framlegget er i strid med stortingsvedtaket i 2021 og inneber i sin konsekvens ei nedlegging av cruisetrafikken i Flåm.

Menon sin samfunnsøkonomiske analyse¹ viser at nullutsleppskravet vil gje negative ringverknader for verdiskaping, sysselsetjing og busetjing i Flåm. Rapporten viser store konsekvensar om framlegget frå Sjøfartsdirektoratet blir sett i verk:

- tap av 120 arbeidsplassar lokalt som tilsvarer 10 prosent av arbeidsstokken i Aurland kommune
- stor nedgang i inntening og overskot
- stor nedgang i bulyst og investeringslyst
- minimal motivasjonsfaktor for utvikling av miljømessige løysingar innan skipsfart
- null eller negativ klimaeffekt

Framlegget inneheld overgangsordning i perioden 2026-2035 for cruiseskip. Berekraftig biogass skal fyllast ein månad i forkant tilsvarande energiforbruket i verdsarvområdet. Kvar forbruket av biogass faktisk skjer blir ikkje regulert. Biogassen vil gje tilnærma null reduksjon i CO₂-utslepp i verdsarvfjordane.

Etter Menon sine berekningar vil alternativet med biogass/biofuel føre til at cruiseskiptrafikken blir flytta til andre fjordar på Vestlandet, istadenfor verdsarvfjordane. Færre skip vil segla til Flåm. Dei lokale utsleppsreduksjonane i verdsarvfjordane skjer altså gjennom aktivitetsreduksjon. Analysen viser at desto strengare krav i verdsarvfjordane, desto større negative miljøkonsekvensar nasjonalt – fordi landstrøm i Flåm ikkje kan nyttast. Rapporten konkluderer med at nettoverknadane for landet samla både når det gjeld CO₂ og verdiskapinga er avgrensa.

¹ Samfunnsøkonomisk analyse av nullutsleppskrav for turistskip og ferger i verdensarvfjordene (Menon Economics, nr 102/2022)

Aurland kommune og Aurland hamnevesen KF har lagt til rette for etablering av landstraum i Flåm, og er tildelt 27 millionar i støtte frå Enova. Enova gir ikkje støtte dersom det er fastsett krav om nullutslepp. Tildelingskriteria til Enova tek ikkje omsyn til særigne krav for verdsarvfjordane.

Det som står att for realisering av landstraum i Flåm er tilstrekkeleg framtidig trafikkgrunnlag eller statleg særfinansiering /garanti. Utan den statlege særhandsaminga med eigne strenge reglar for verdsarvfjordane ville anleggsetableringa hatt positiv lønnsemd. Anlegget ville vore sjølvfinansierande med inntektene frå sal av straum til reiarlaga.

Flåm er ein av landets viktigaste cruisedestinasjonar. Regelverket frå Sjøfartsdirektoratet vil gje store negative ringverknader for sysselsetjing, reiseliv og verdiskaping i Aurland og i regionen Sogn.

Nullutslepp i verdsarvfjorden kan oppnåast ved å etablere landstraum i Flåm. Ved å løfte blikket til destinasjonsnivå vil felles utnytting av kostbar infrastruktur og bruk av både anvendt og framtidig teknologi gje reduserte utslepp på tvers av sektorar og aktivitetar. Tiltakspakka² vil tilfredsstillere krava til klimatiltak på landsida ved bruk av reststraumen frå landstraumanlegget til lading av bil, buss, RIB og mindre fartøy. Løysinga tek i bruk ny teknologi både på sjø og land og er på alle måtar betre enn regelverket som Sjøfartsdirektoratet foreslår. Alternativet med realisering av landstraum i Flåm er det einaste som gjev klimaeffekt av betydning. Utsleppsprognosar og andre effektar av Sjøfartsdirektoratet sitt forslag og tiltakspakka er vist i vedlegget.

Etablering av landstraum er i samsvar med stortingsvedtaket frå 2021 og vil uansett bli den endelege løysinga. For å sikra landstraum i Flåm lyt staten ta eit monaleg ansvar.

Med helsing

Roy Egil Stadheim
leiar Sogn regionråd

Brevet er elektronisk og er utan handskriven underskrift.


Vedlegg: CO₂- utslepp innanfor systemgrensene i verdsarvkommunen og andre effektar

² Rapport Destinasjon Flåm – en energihub for fremtidens reiseliv (Hafslund m.fl. 23.2.2023)


Destinasjon Flåm – en energihub for fremtidens reiseliv



CO₂ utslipp innanfor systemgrensene – i verdsarvkommunen



Sjøfartsdirektoratet – sitt forslag, med landstraum i Flåm



Destinasjon Flåm – forslag - tiltakspakke

	Andre effektar
<ul style="list-style-type: none"> - Cruisetraffikk Frå 273 000 til 20 000 gjester per år (-93%) 	<ul style="list-style-type: none"> - Cruisetraffikk Frå 273 000 til 150 000 gjester per år (-45%)
<ul style="list-style-type: none"> - Sysselsetjing Tap av 120 arbeidsplassar lokalt. Tilsvarar 10% av arbeidsstokken i Aurland kommune. 	<ul style="list-style-type: none"> - Sysselsetjing Tap av 58 arbeidsplassar lokalt. Tilsvarar 5% av arbeidsstokken i Aurland kommune.
<ul style="list-style-type: none"> - Økonomiske konsekvensar lokalt Omsetning -194 MNOK Overskot -78 MNOK 	<ul style="list-style-type: none"> - Økonomiske konsekvensar lokalt Omsetning -94 MNOK Overskot -38 MNOK
<ul style="list-style-type: none"> - Omdømme Mogleg styrka, begrensa effekt. 	<ul style="list-style-type: none"> - Omdømme Stor positiv effekt med Flåm som bærekraftig reiselivsikon med innovative framtidretta løysingar.
<ul style="list-style-type: none"> - Klima Flyttar trafikk, så trass noko reduksjon lokalt, berekna null eller negativ klimaeffekt. 	<ul style="list-style-type: none"> - Klima 30 000 tonn co2 per år (også utanfor systemgrense)
<ul style="list-style-type: none"> - Overturisme Problem flytta til umodne destinasjonar. Ingen effekt. 	<ul style="list-style-type: none"> - Overturisme Løyst lokalt. Balansert tilnærming nasjonalt.
<ul style="list-style-type: none"> - Teknologi Liten eller ingen effekt på teknologiutvikling eller grøn omstilling. 	<ul style="list-style-type: none"> - Teknologi Tar i bruk ny teknologi, både på sjø og land.